

Innspelsrapport for oppstartsmeldinga av marin verneplan i Hordaland

Innleiing

Fylkesmannen i Hordaland er ansvarleg for å lage eit verneforslag for tre marine verneområde etter naturmangfaldlova § 42 og kapittel VII i forvaltingslova. Arbeidet blir utført etter oppdragsbrev frå Klima- og miljødepartementet til Miljødirektoratet om å gjennomføre ein verneplanprosess for nokre utvalde område langs kysten. Oppstartsmeldinga for kandidatområda i Hordaland vart sendt ut 26. mars 2015, og frist til å komme med innspel var 20. mai 2015. Oppstartsmeldinga markerte starten på ein prosess som har resultert i eit konkret verneforslag, med forslag til verneforskrift, avgrensing og verneverdiar. Ei kort tematisk drøfting av innspela, samt ei samanfatting av innspel mottatt for dei tre områda er gitt under.

I den vidare prosessen vert no utkastet til verneforslag sendt på høyring. Etter høyringa skal Fylkesmannen utarbeide ei tilråding til vern som vert sendt til Miljødirektoratet for fagleg gjennomgang. Deretter sender Miljødirektoratet ei endeleg tilråding til Klima- og miljødepartementet som fremjar vedtak om oppretting av verneområde for Kongen i statsråd. Eit eventuelt vernevedtak er ein kongeleg resolusjon, der verneforskrifta med tilhøyrande vernekart er dei juridisk bindande dokumenta.

Nedanfor har vi laga eit kortfatta samandrag av innspela vi fekk under oppstartsmeldinga med vekt på hovudpunkt. Det er ikkje utfyllande, men mange av tilbakemeldingane har utgangspunkt i at utkast til verneforskrift ikkje var utarbeidd på det tidspunktet, og difor heller ikkje lagt ved. Forskrifta er justert og tilpassa mange av desse innspela, men ikkje alle forventingane er det mogleg å innfri i ei slik forskrift. Dersom du har respondert på oppstartsmeldinga og ikkje har andre kommentarar no under den eigentlege høyringa, treng du ikkje uttale deg til høyringa. Då vil tilbakemeldinga di til oppstartsmeldinga bli vurdert som fullgod høyringsuttale når vi summerer opp høyringsrunden.

Tematisk drøfting av innspel

Avgrensing:

Fylkesmannen har motteke mykje positiv tilbakemelding angående verneforslaget, men med eit visst atterhald om blant anna avgrensing. Verneområda i Hordaland er store samanlikna med dei forslaga som så langt er presentert i resten av landet, og dette skapar uro med tanke på eventuelle restriksjonar på menneskeleg bruk og aktivitet i framtida. Fylkesmannen har forståing for denne uroa og verneforskrifta skal ta høgde for noverande menneskeleg bruk og aktivitet i desse områda. Vi har også justert noko på avgrensinga for å komme i møte nokre av innspela.

Gjeldande lovverk:

Fleire av innspela som er motteke etter denne oppstartsmeldinga går på ei meining om at det marine miljøet er godt nok teke i vare gjennom dagens gjeldande lovverk, og at eit særskilt vern ikkje er naudsynt.

Akvakulturlova og forureiningslova krev i aukande grad at aktørane i næringa skal bruke betre driftsmetodar og beste tilgjengelige teknologi (BAT) slik at man får ei meir berekraftig og miljøvenleg drift. Dette vil ikkje endre seg under eit eventuelt vern, men det vil bli forventat at næringa tenkjer miljøvenleg i vidare utvikling. For eksempel vil ikkje taretråling verte tillate inne i eit marint verneområde, men tare dyrking vil vere noko ein kan søke dispensasjon om. Dette er fordi tare dyrking viser god innverknad på miljøet både som skydd for fisk og ved å ta opp og bruke næringssalt sleppt ut frå for eksempel oppdrettsanlegg. Men eit kriterium for dyrking er bruk av naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) og at ein nyttar mor-tareplanter frå lokalområdet det skal dyrkast i. Blåskjeldyrking er også aktuelt i nokre av verneområda, men desse filtrerar og reinsar vatn som verkar positivt på økosystemet. Vernet vil derfor ikkje nødvendigvis bringe med seg mange restriksjonar, men påverke aktørane til å tenke nytt og prøve nye ting som kan bidra til eit sunt og artsrikt økosystem. Eit slikt «miljøstempel» på varer frå akvakultur vil kunne nyttast positivt i marknadsføringa av produkta.

Næringsutvikling:

Det er uro for næringsutviklinga i kommunane om at ny næring ikkje skal få etablere seg, og eksisterande næring ikkje få utvikla seg vidare.

Som nemnt i avsnittet over er det ønskje om ei miljøvenleg og økologisk positiv næringsutvikling i eit verneområde, og næringa skal få utvikle seg, men med gode metodar som resulterer i både mindre og reinare utslepp. Dette er ei forventning som fell saman med krav frå ulike sektorlovverk, og som allereie er gjort gjeldande.

Restriksjonar på fiske:

Det er frykt for restriksjonar rundt fiske i dei tre områda.

Det vil ikkje bli restriksjonar på dagens fiske. Reke tråling er ei utfordring som vert teken opp til vidare diskusjon, og verneforskrifta vil gje eit generelt unntak til bruk av registrerte kaste- og låssettingsplassar og mellombels bruk av reiskap knyta til botn. Elles er fiske og fangst av marine fiskeslag forvalta etter havressurslova, på same måte som elles langs kysten.

Akvakultur:

Det er uro rundt utviklinga av næringa og at ny akvakulturnæring ikkje skal få etablere seg.

Akvakulturnæringa skal framleis forvaltast under akvakulturlova og andre sektorlover, men til ny verksemd med forankring i sjøbotn innanfor verneområda må det søkast dispensasjon. Ny verksemd må vere i samsvar med verneføremålet i forskrifta, og ein må rekne med at det blir sett krav til at tiltaket vert realisert på ein mest mogleg miljøvenleg måte.

Samanfatting av skriftlege innspel på oppstartsmeldinga – med tilrådingar:

Innspel som omfattar alle tre områda:

1 Kartverket			
Tema	Innspel	Merknad/oppfølging	
Generelt for alle tre områda	Saknar teiknforklaring til karta. Krossfjorden som skrivemåte.	Er retta. Vi har fått sterke innspel på informasjonsmøte og elles, og har følgd ønskje frå lokalt hald.	
2 Kystverket Vest			
Tema	Innspel	Merknad/oppfølging	
Generelt	Ingen spesielle merknader bortsett frå at det er forventa at verneplanen ikkje blir til hinder for framtidige og nødvendige navigasjonsinstallasjonar eller for ei naturleg og forsvarleg drift og forvaltning av fiskerihamnar i desse områda.	Sjå forskrift for vernereglar, generelle unntak og dispensasjonsreglar.	
3 Statens vegvesen			
Tema	Innspel	Merknad/oppfølging	
Generelt for alle tre områda	Ingen merknader		
4 Fiskeridirektoratet region Vest			
Tema	Innspel	Merknad/oppfølging	
Generelt for alle tre områda:	Understrekar viktighet av open prosess med nært samarbeid med Fiskeridirektoratet (regionskontor) og andre påvirka sektormynde. Understrekar at regulering av fiske og akvakultur berre kan gjerast i medhald av gjeldande lovverk: Havressurslova og akvakulturlova. Vern skal ikkje medføre uønskte konsekvensar for utvikling av sjømatnæringa. Så lenge botnreiskap ikkje trugar verneføremålet ser dei ikkje noko trong til å regulere dette fisket.	Fylkesmannen legg opp til nært samarbeid i dette arbeidet, og fiske skal kunne halde fram som normalt så lenge ikkje verneformålet blir truga: Sjå forskrift.	
5 Norges Miljøvernforbund			
Tema	Innspel	Merknad/oppfølging	
	Krev at det ikkje skal tillast oppdrett i verneområda	Dette er vanskeleg å innfri. Verneføremålet er å ta vare på representative område av norsk kystnatur. Oppdrettsnæringa kan ikkje avviklast i så store område	

			som skal vernast i Hordaland, men det vil aktivt bli arbeidd med å finne fram til meir miljøvenlege driftsmetodar.
6	Direktoratet for mineralforvaltning		
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt for alle tre områda	Ingen merknad i denne runde.	
7	Kongelig Norsk Båtforbund		
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt for alle tre områda	Avgrensing må justerast bort frå 2 m djupnekote. Det må vere rom for å fortøye båtar. Vernet på så grunt vann legg beslag på mykje av den funksjonelle strandlinja for fleire kommunar i Hordaland og er til hinder for vidareutvikling av sjøen som rekreasjonsområde.	Sjå forskrift for vernereglar, generelle unntak og dispensasjonsreglar.
8	Bergen og Omegn Havnevesen		
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt	Ingen merknad	
9	Lerøy Sjøtroll		
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt	<p>Imot vern</p> <p>Vern hindrar ny akvakulturaktivitet som dyrking av blåskjel og tang (IMTA artar) kor forankring på havbotn er nødvendig.</p> <p>Bekymra for framtidig drift av fiskeoppdrett i Krossfjorden.</p> <p>Meiner dagens regelverk er godt nok.</p> <p>Bekymra for ikkje å kunne vidareutvikle produktet.</p>	<p>Dyrking av tare vil ikkje bli forbode i verneområdet. Me ser at blåskjel- og tare dyrking kan ha positive effektar i samband med skydd for yngel og utnytting av organisk avfall frå oppdrettsanlegg.</p> <p>Sjå forskrift for vernereglar, generelle unntak og dispensasjonsreglar.</p>
10	Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE)		
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt	<p>Ikkje konsekvensar for kjente energiresursar</p> <p>Krossfjorden: Rører ikkje ved definerte utgreiingsområde for havvind.</p> <p>Ytre Hardangerfjord: BKKs sjøkabel mellom Husnes og Flornes er ikkje nemnd i verneforslaget.</p> <p>Lurefjorden: Ny kraftleidning mellom Mongstad og Kollsnes som vil krysse Lurefjorden med kabel.</p> <p>NVE forventar at verneforskrifta vil innehalde standard formuleringar om forholdet mellom</p>	<p>Følgd opp. Eksisterande kabel som kan haldast ved like.</p> <p>Dette er vi godt kjende med, og saka er avklart.</p> <p>Det vil den, sjå forskrift.</p>

		eksisterande kraft- og energianlegg der aktuelt. Lokale netteigarar/områdekommisjonærer er ikkje høyringsinstansar?	
11	Fiskarlaget Vest		
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt for alle tre områda	<p>Presiserer at bruk av området som oftast er beste vern.</p> <p>Tekniske inngrep som bygging av kai, må vurderast i kvart einskild tilfelle kva påverknad det vil ha på verneverdiane.</p> <p>Kan ikkje godta restriksjonar på berekraftig fiskeri i dei ulike områda.</p> <p>Viktig å inkludere brukarane/næringsutøvarane i heile prosessen.</p> <p>Rekefelta må trålast for å oppretthalde forholda som reker trivst i.</p> <p>Ser positivt på at tang-, tare- og skjelsandområda fortsatt ikkje skal haustast i kandidatområda.</p> <p>Om det blir snakk om forbod for fiske innafør nokon av kandidatområda skal det diskuterast grundig med Fiskarlaget Vest.</p>	<p>Sjå forskrift for vernereglar, generelle unntak og dispensasjonsreglar.</p> <p>Dette er heller ikkje føreslege.</p> <p>I samsvar med intensjonen.</p> <p>Det er høve til å søke dispensasjon for reketråling i Krossfjorden for å utvikle kunnskapen om dette. Sjå verneforskrift.</p> <p>Viktig moment i verneframlegget.</p> <p>Verneframlegget fører ikkje til restriksjonar på utøving av fiske, med eit visst unntak av reketråling.</p>
12	Norsk institutt for naturforskning (NINA)		
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt	Positive	
13	Sjømat Norge		
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt for alle tre områda	<p>Meiner at områda bør avgrensast i omfang og ikkje legge beslag på område som kan eigna seg til næringsføremål som til dømes havbruksverksemd.</p> <p>Innhaldet i verneplanane må tilpassast igangverande og legge til rette for framtidig næringsverksemd.</p> <p>Vernearbeid må utførast i tett samarbeid med aktørane som har næringsinteresser i områda.</p>	<p>Sjå forskrift for vernereglar, generelle unntak og dispensasjonsreglar.</p>

Innspel for spesifikke verneområde:

Krossfjorden:

1 Sund Kommune			
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt	<p>Grensene må endrast: Bør halde same avstand som frå Børnestangen til Håkonsund (100 m og ikkje 2 m)</p> <p>Verneforskrifta må innehalde punkt som seier at tradisjonelt fiske kan halde fram som før.</p> <p>Lokalitetar for akvakultur som ligg innanfor vernegrensene må ikkje få strengare krav enn dei som ligg utanfor.</p> <p>Det må vere mogleg å ta i bruk nye sjøområde innanfor verneområdet for dyrking av nye artar.</p>	<p>Nokre grenser er innskrenka i omfang, men stort sett er det djupnekote 2 m som blir følgt. Sjå forskrift for reglar.</p> <p>Er retta. Sjå forskrift</p> <p>Sjå forskrift</p> <p>Sjå forskrift</p>
2 Austevoll kommune			
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt	<p>Kommunen og rådmannen stiller seg negative til forslag om vern. Dei meiner at miljøet er godt nok ivaretatt som det er gjennom dagens gjeldande lovverk.</p> <p>Dei meiner at infrastruktur kan bli ramma grunna strenge restriksjonar for tiltak som utfylling, byggeverksemd, mudring, deponering av massar, undervasssprenging, utlegging av kablar, utslepp av kjølevatn og ballastvatn, utnytting av mineralske ressursar og installasjonar for energiutnytting.</p>	<p>Sjå forskrift for vernereglar, generelle unntak og dispensasjonsreglar.</p> <p>Eit eksisterande fiskeoppdrettsanlegg ligg no utanfor det føreslegne verneområde etter at grensene er justert.</p>
3 Austevoll Høgre			
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt	<p>Vern av fjorden vil sette store avgrensingar på vidare verdiskaping og utvikling.</p> <p>Meiner at dagens regelverk ivareteke omsyn til miljøet på ein god måte.</p> <p>Ny kommuneplan 2013 (oppstartsmeldinga for marin verneplan har vist til utdatert plan)</p> <p>Vern er vern og dispensasjonar bør då vere</p>	<p>Sjå forskrift for vernereglar, generelle unntak og dispensasjonsreglar.</p>

		unntaket, ikkje regelen.	
4	Os kommune		
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt	Tatt til orientering	

5	Bergen kommune og Byråden		
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt	Kan ikkje sjå at verneformålet vil medføre nemneverdige konsekvensar for framtidig arealutnytting då det er vatn 200 m og djupare som omfattast av vernet i deira område.	Det er 100 m djupne og djupare som er føreslege, ikkje 200 m.
6	Austevoll Fiskarlag		
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt	Imot verneplan. Krev å få behalde dei registrerte rekefelta og retten til å finne nye område. Må ikkje bli forbode med landnotfiske, prioriterte kaste- og låssettingsplassar, snurpenotfiske, snurrevad, botngarn, fiskeliner, havteiner, hummarteiner, krabbeteiner, leppefiskeiteiner, og ruser av ymse slag.	Sjå forskrift for vernereglar, generelle unntak og dispensasjonsreglar.
7	Austevoll Seaweed Farm AS		
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt	Imot vern Bekymra for at vernet skal hemme vidareutvikling med dyrking av tare	Tare dyrking skal ikkje bli forbode i verneområdet. Vernet vil derimot ikkje tillate <i>tråling</i> etter tare.
8	Daniel Stenevik		
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt	Bekymra for nøytralisering av eiga strandlinje og framtidige høve for båtplassar.	Dette må i hovudsak avklarast etter anna lov og planverk.
9	Kristoffer Trellevik		
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt	Imot vern. Meiner det gjeldande lovverket bør vere nok. Vernet burde gjelde frå djupare djupnekote og ikkje råke ny næring som ønskjer å etablere seg i kommunane.	Sjå forskrift om vernereglar, generelle unntak og dispensasjonsreglar.
10	Ove Trellevik		
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt	Vern bør starte på djupare djupnekote enn 2 m. Næringsareal på sjø og land bør få utvikle seg i samsvar med kommuneplanen. Bustadsareal og strandsone må ikkje få avgrensingar på utlegg av slangar, avlaup, ilar,	Sjå forskrift for vernereglar, generelle unntak og dispensasjonsreglar.

		<p>kaiar mm.</p> <p>Tofterøyosen og arealet mellom øyane vest av Tofterøy frå 2 m djupne må fjernast frå vernet.</p>	<p>Austefjorden og områda nord for Glesvær er fjerna frå verneområdet. Sjå kart for detaljar. Om innspelet også gjeld øyriket vest av Tofterøy, er dette vanskeleg å innfri, ettersom det marine miljøet kring desse øyane er eit fundamentalt element i heile verneframlegget.</p>
11	Kjell Even Evensen		
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt	Bekymra for område som er sett av til naust og hamneområde i kommuneplan. Foreslår at desse områda blir fjerna frå det avgrensa området (spesielt i området Hummelsund)	Vanskeleg å innfri, men avklart ved direkte kontakt med Kjell Evensen.

Lurefjorden og Lindåsosane

1 Lindås Kommune			
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt	<p>Plan og miljøutvalet: Ser ikkje at vern er naudsynt. Sikring godt ivaretatt med eksisterande lovar, forskrifter og planprosessar.</p> <p>Tilhøvet til landbruksnæringa i området må utgreiast nøye, og framhald sikrast etter eventuelt vern.</p> <p>Næringsaktivitet og busetjing rundt fjordsystemet må kunne halde fram, og dette må klargjerast eksplisitt i arbeid med planen.</p> <p>Dei gjeldande og snarleg ferdigstilte private og kommunale planane som er utarbeidd for området, skal kunne realiserast.</p> <p>Moglege konsekvensar av etablering av biosfæreområde ikkje nemnd i planen.</p> <p>Oppmodar til tett kontakt i vidare i vernearbeidet.</p>	<p>Landbruk vil ikkje bli råka av verneframlegget.</p> <p>Dette vil ikkje bli råka av vernet, men sjå forskrift for vernereglar, generelle unntak og dispensasjonsreglar.</p> <p>Eit vern vil ikkje påverke realisering av planar som er komne så langt.</p> <p>Arbeidet med eit mogleg biosfæreområde skjer uavhengig av arbeidet med eit mogleg marint verneområde, men ein kan sjå for seg gode synergieffektar dersom begge planane vert realiserte. Det er vanskeleg å sjå at eit marint vern kan ha negative konsekvensar for eit biosfæreområde, eller motsett. Konsekvensane vil heller vere positive.</p>
2 Andreas Hundvin			
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt	<p>Bekymra for moglege skader påført miljøet frå smoltanlegget på Nesfossen. Korleis vil planen møte problemet med rømt oppdrettslaks?</p> <p>Utbygging av smoltanlegget: Bekymra for at det skal bli større utslepp frå anlegget. Bekymra for landareal som blir brukt. Eksempelvis vatn som skal fyllast igjen der det historisk har vore aurebestand, men elva er no stengd av settefiskanlegget.</p> <p>Sjøpelfyllinga i Kjevikdalen. Spør om NGIR har lisens for ytterlegare deponi? Kjevikdalen</p>	<p>Problemet med rømt oppdrettslaks blir forvalta med anna regelverk. Det vil ikkje kome under marin verneplan. Verneformålet omfattar i hovudsak sjøbotn.</p> <p>Utslepp frå anlegget blir ikkje større enn det er i dag. Det som skjer av utbygging på land må handsamast etter plan- og bygningslova.</p> <p>Anlegget er veletablert, og endringar i utsleppsløyve vert</p>

		har i fleire tiår blitt brukt som deponi for søppel. Avrenning går ubehandla til Lurefjorden. Spør om det blir krav om reinsing?	regulert etter forureiningslova, også i framtida. Det er sett krav til og planlagt sigevassreinsing, men dette har stogga som følgje av vanskelege eigedomstilhøve.
3	Styret i Lygra kai og grunneigarlag		
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt	<p>Upresist formulert planforslag</p> <p>Naturmangfaldlova og forureiningslova er ikkje drøfta.</p> <p>Meiner gjeldande lovverk er bra nok utan vidare vern.</p> <p>Ta omsyn til landbruksnæringa.</p> <p>Restriksjonar som betyr kraftig innstramming for alminneleg næringsutvikling (for eksempel kaianlegg, småbåthamnar, rørleidningar, utfylling, mudring, mineralutvinning, installasjonar for energiutnytting (vindmøller).</p>	Sjå forskrift for vernereglar, generelle unntak og dispensasjonsreglar.

Ytre Hardangerfjord

1 Tysnes kommune			
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt	<p>Imot vern.</p> <p>Meiner dagens lovverk er godt nok.</p> <p>Må ikkje hindre næringsutviklinga i området.</p>	<p>Sjå forskrift for vernereglar, generelle unntak og dispensasjonsreglar.</p>
2 Alsaker Fjordbruk			
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt	<p>Imot vern.</p> <p>Dagens regelverk tek godt omsyn til miljøet. Ytterlegare vern er unødig.</p> <p>Ønskjer å satse på ein aktiv og berekraftig bruk av området.</p>	<p>Sjå forskrift for vernereglar, generelle unntak og dispensasjonsreglar.</p> <p>Det er same visjon som verneframlegget har.</p>
3 Kvinnherad kommune			
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt	<p>Positiv til vern.</p> <p>Føresetnad at verneinteressar vert balansert mot behov for samfunnsutvikling elles. Ikkje vere til hinder for næringsutvikling. For eksempel maritim næring som inkluderer heile vassøyla og botn (kai og mellombels opplag). Stort potensielt næringsareal mellom Hille og Klosterneiset.</p> <p>Bukta mellom Kuholmen og Nebbo bør haldast utanfor verneområdet.</p> <p>Det er ikkje tatt nok omsyn til akvakultur i oppstartsmeldinga. Det må takast omsyn til noverande og framtidige akvakulturlokalitetar, samt fleksible ordningar for justering av eksisterande konsesjonar. Det er satt av areal mellom Hille og Halsnøy for framtidig aktivitet.</p> <p>Høve til å vedlikehalde, skifta ut og supplera sjøkablar.</p> <p>Viktig med handlingsrom i nye planar om veg (E39 og E134) og ferjekai (Kvinnherad-Stord).</p> <p>Deponering av massar i djupområda frå mudring av gruntområde. Denne brukarinteressa må kartleggast og få vekt i verneprosessen.</p>	<p>Sjå forskrift for vernereglar, generelle unntak og dispensasjonsreglar.</p> <p>Området innanfor Nebbo til Beltenes er unntatt verneområdet. Sjå nye kart.</p> <p>Sjå forskrift for vernereglar, generelle unntak og dispensasjonsreglar.</p> <p>Dette er tiltak av «vesentleg samfunnsinteresse». Slike må handterast etter verneforskrifta når/om dei vert aktuelle.</p> <p>Vanskeleg å innfri generelt. Må vurderast i kvart einskild tilfelle.</p>

		<p>Det er ikkje vist til Kvinnherad kommunedelplanar i oppstartsmeldinga.</p> <p>Med mindre det er dokumenterte verneverdiar nærmare land, bør grensa trekkast 100 m frå stranda.</p> <p>Verneprosessen må få eit breiare og meir omfattande deltaking frå interessentar og lokale myndigheiter.</p> <p>Rådmannen meiner at Fylkesmannen har valt ei minimumsløysing for dette samarbeidet, og det er ikkje tilstrekkeleg så lenge kunnskapsnivået er så lågt som det er. Etterlyser økt kunnskap gjennom ei konsekvensvurdering.</p>	<p>Berre ein kommunedelplan er aktuell. Vert ikkje påverka av verneframlegget.</p> <p>Dette vil utan tvil vere verdfullt. Vil bli oppfylt så langt kapasiteten rekk. Kunnskapsgrunnlaget bør avgjort styrkast, også etter eit vernevedtak. Området er stort, men ikkje så stort at det er KU-pliktig etter plan- og bygningslova.</p>
4	Sigurd Huglen		
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt	<p>Kommentar til tilbakegang av makrellterna:</p> <p>Meiner at man bør stoppe leppefiske i områda som er naturleg biotop for makrellterna.</p> <p>Elles rydde skog og innføre skotpremie på mink.</p>	<p>Behandlast under havressurslova og forvaltast av Fiskeridirektoratet</p> <p>Denne typen arbeid er pågåande, uavhengig av marint vern.</p>

5	Stord Kommune		
	Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
	Generelt	<p>Positiv til vern</p> <p>Ber om at vernet ikkje legg opp til unødige restriksjonar for næringsliv og samfunnsnyttige føremål</p>	<p>Sjå forskrift for vernereglar, generelle unntak og dispensasjonsreglar.</p>

Adresseliste høyring:

Kommunane
1dykkeklubb
A/S Norske Shell
Artsdatabanken
AUDUN JACOBSEN
AUSTEFJORDEN SMOLT AS
AUSTEVOLL FISKARLAG
Austevoll Kraftlag SA
Austevoll kyst- og sogelag
AUSTEVOLL SEAWEED FARM AS
AVINOR AS
Bellona
BERGEN FISKARLAG
Bergen og Omegn Havnevesen
Bergens Seilforening
Bioforsk
BKK
BOF
BSI - Padling
Den Norske Turistforening
Direktoratet for mineralforvaltning
DNT Hordaland
Fana Kajakklubb
Fiskarlaget Vest
Fiskebåt
Fiskeri- og havbruksnæringens forskningsfond
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening
Fiskeridirektoratet
Fitjar Kraftlag
FJELBERG FJORDBRUK AS
Fjellvar AS
Fjordfiskernes forening
FMC Biopolymer
Forbundet KYSTEN
Forsvaret
Forsvarsbygg
Fortidsminneforeningen, Bergen og Hordaland
Forum for natur og friluftsliv
Framtiden i våre hender
Friluftslivets fellesorganisasjon
Friluftsrådenes Landsforbund
Fritidsfiskeforening
FYLKESNES FISK AS
Greenpeace
Hardanger Kajakklubb
Havforskningsinstituttet
Havstril Padleklubb
Hordaland bonde- og småbrukarlag
Hordaland Bondelag
Hordaland Fylkeskommune
Hordaland fylkeskystlag
Hordaland Røde kors
Hordvik Padle klubb
IMC Diving AS
ISDAL, BJØRN
Kgl. Norsk Båtforbund
KS
Kvinnherad Energi
Kvinnherad kystlag
KVINNHERAD OG HARDANGER FISKARLAG
Kystverket
LERØY VEST AS
LINGALAKS AS
LO
Luftfartstilsynet
Marinbiologisk stasjon, Espegrend
Mattilsynet
MIDTHORDLAND FISKARLAG
Milde Båtlag Bergen
Miljødirektoratet
Natur og Ungdom
Naturvernforbundet Hordaland og lokallag
Nemo Classic Diving
Nesfossen Smolt AS
NGIR
NHO
NHO Reiseliv
NIVA region vest
NJFF Hordaland
Njörd Ro Og Kajakklubb
NOF Hordaland
Norconsult
Nordhordaland Kraftlag
Nordhordland padleklubb
Nordhordland Seilforening
NORDSJØ FJORDBRUK AS
Norges bondelag
Norges Dykkeforbund

Norges Fiskarlag, Hovedadministrasjon
Norges Geologiske Undersøkelser
Norges handicapforbund
Norges Idrettsforbund
Norges Jeger- og Fiskerforbund
Norges Kystfiskarlag
Norges Luftsportsforbund
Norges miljø- og biovitenskapelige universitet
Norges Miljøvernforbund
Norges naturvernforbund
Norges Orienteringsforbund
Norges Padleforbund
Norges Seilforbund
NORHORDLAND FISKARLAG
Norsk Biologforening
Norsk Bonde- og Småbrukarlag
Norsk Botanisk Forening
Norsk Industri
Norsk institutt for naturforskning, NINA
Norsk institutt for vannforskning , NIVA
Norsk Ornitologisk Forening
Norsk Surfforbund
Norsk Zoologisk Forening
Norske sjømatbedrifters landsforening
NORSKJELL AS
NTNU
NVE
Oljedirektoratet
Oljeindustriens Landsforening
ONARHEIM BRUK AS
Os Padleklubb
Riksantikvaren (Direktoratet for kulturminneforvaltning)
Rådgivende Biologer AS
SABIMA
Sivilforsvaret
Sjøfartsdirektoratet
SJØTROLL HAVBRUK AS
SKL
Skog og landskap
SOTRA FISKEINDUSTRI AS
Statens Kartverk
Statens Kartverk, Bergen
Statens Kartverk, sjødivisjonen
Statens vegvesen, region vest
Statkraft
Statnett
Statskog
Stord Seilforening
Studentenes Undervanssklubb
Sund kystlag
SUNNHORDLAND FISKARLAG
Taretrålfiskernes Forening
TELAVÅG FISKEMOTTAK AS
TELAVÅG FISKEOPPDRETT AS
TROLAND LAKSEOPPDRETT AS
TYSNES FJORDBRUK AS
Tysnes kystlag
UiT Norges arktiske universitet
Uni Miljø
Universitetet i Bergen
Universitetet i Oslo, Biologisk institutt
Universitetsmuseet i Bergen, Universitetet i Bergen
Vegdirektoratet
Vestnorsk havbrukslag, FHL
VIKING FJORD AS
WWF-Norge
Øygarden havkajakklubb
ØYGARDEN OG SOTRA FISKARLAG
Åsane Seilforening